



*Lindås, Meland og Radøy byggjer Alver kommune! Etter samanslåinga 1.1.2020 blir vi ein av dei største kommunane i fylket med om lag 30.000 innbyggjarar og 2.500 tilsette. Kommunane våre ligg nord for Bergen, og har ein spennande og variert natur med alt frå lune fjordar og opne hav til høge fjellområde og lokale toppar. Vi har verdas beste korps og eit rikt kulturliv."*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag.*

## Idrettsrådsgjevar - 100% fast stilling - intern utlysing Alver kommune

### Stillingsinformasjon

Det er ledig fast stilling som idrettsrådsgjevar. Stilling vil sortere under tenesteområde kultur i Meland fram til 31.12.2019, og sidan under kulturtenesta i Alver, avdelinga Kulturutvikling, idrett og frivilligheit

Vi søker deg som har eit stort hjarte for idrettes- og aktivitetsfeltet, er fleksibel, kreativ, nytenkande og serviceinnstilt, og har eit tydeleg fokus på fagleg kompetanse, samarbeid med organisasjonsliv, prosjektarbeid og utvikling. Du likar at det skjer mykje, og er god på å organisere eigne oppgåver og portefølje i ei travel arbeidskvardag.

Kontorstad vert i første del på Frekhaug i Meland, og i Knarvik i løpet av 2020.

### Arbeidsplass

Avdelinga Kulturutvikling, idrett og frivilligheit har ansvar innan mellom anna frivilligheit, idrett, friluftsliv, scene, kunst, musikk, kulturminnevern, tilskotsordningar og kulturbygg.

Avdelinga har eit kultur-, idretts- og samfunnsutviklande fokus, med prosjektkompetanse og -kapasitet. Dei tre frivilligsentralane er òg del av avdelinga, som vil ha eit omfattande samarbeid med frivillig sektor og vere ein kompetanseressurs for denne. Avdelinga vil vere fagavdeling for kultur-, idrett- og frivillighetsfaglege spørsmål i høve kommunale prosessar, men òg vere utviklande i høve det breie kulturfeltet.

Alver kommune har eit svært sterkt og rikt frivillig organisasjonsliv, med eit sterkt og aktivt idrettsliv

### Arbeidsoppgåver

Sentrale oppgåver for stillinga vil vere

- Arbeide for ei heilskapleg idretts-, aktivitets- og anleggsutvikling i Alver kommune
- Fagleg ansvar for idrettsfeltet inn i kommunale prosessar og prosjekt
- Koordinering med idrettslivet og tilrettelegging for organisert og eigenorganisert aktivitet
- Kontaktpunkt for idrettsråd og lag og organisasjonar
- Overordna arbeid med Aktiv kommune
- Overordna koordinering og tilrettelegging for aktivitet og arrangement i kommunale anlegg
- Forvaltning av spelemiddelordninga, som støtte til private anleggsutviklarar og innan kommunal anleggsutvikling
- Forvaltning av kommunale tilskotsordningar innan idrettsfeltet
- Planarbeid og sakshandsaming innan idrettsfeltet
- Samarbeid med eigedom, drift og vedlikehald, skule, helse og andre delar av kulturtenesta
- Støtte til arbeid med friluftslivstiltak og utvikling av friluftsområda

Kvelds- og helgearbeid må påreknast

### Kvalifikasjonskrav

Høgare relevant utdanning på masternivå. Anna utdanning kan vurderast ved lenger erfaringskompetanse.

Det er ønskeleg med erfaring frå arbeid med og i idrettsfeltet, og kjennskap til idrettsforvaltning lokalt og regionalt. Det er ønskeleg med erfaring frå arbeid med spelemidlar og utvikling av idretts-, aktivitets- og friluftslivsanlegg.

Det er ønskeleg med erfaring knytt til prosjektarbeid, tilskotsordningar og utarbeiding av rapportar. Det er ønskeleg med kjennskap til kommunalt styringssystem og sakshandsaming.

Forventingar til deg som søker

Du har høg samarbeids- og gjennomføringsevne, er god på kommunikasjon og har god skriftleg og munnleg framstillingsevne. Du trivst med å jobbe sjølvstendig, men er òg glad i å jobbe tett med andre i team. Du kjenner samtidskulturen og strømingar i samfunnet.

Du er oppdatert innan IKT-feltet og sosiale medier, og kan orientere deg raskt i ny programvare og webportalløysingar. Du har kunnskap og erfaring med normal programvare, mellom anna Office, og gjerne grunnleggjande erfaring med Adobeporteføljen og Qgis/Gisline eller liknande.

Det vil verte lagt vekt på kunnskap og erfaring innan idrettsfeltet, og personleg eignetheit for stillinga.

Administrasjonsspråket i Alver kommune er nynorsk.

Det er krav om førarkort klasse B.

### **Vi tilbyr**

Hyggelege, kompetente og engasjerte arbeidskollegaar

Høve til å vere med å utvikle kulturtenestene og idrettstilboda i Alver kommune.

Sjølvtendige arbeidsoppgåver

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning

### **Søknad skal sendast**

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### **Generell informasjon**

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

*Søknadsfrist* 07.11.2019

*Utløst dato* 22.10.2019

*Vårref*

205/19

### **Kontaktperson**

Eirik Bouwer Utne, Kultursjef, tlf: 56171059, mobil: 93413089, eirik.utne@meland.kommune.no